

	Aukra kommune	Arkivsak: 2018/77-23
		Arkiv: L12
		Saksbeh: Svein Rune Notøy
		Dato: 05.09.2019

Saksframlegg

Utv.saknr.:	Utval:	Møtedato:
41/19	Drift og arealutvalet	18.09.2019
63/19	Kommunestyret	01.10.2019

Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg - Eigengodkjenning

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg, slik det går fram av plankart og føresegner, sist revidert 09.09.2019.

Tre gjeldande reguleringsplanar skal i medhald av plan og bygningslova § 12-14 opphevast ved sluttgodkjenning av planen, desse er:

- 1) Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg (vedteken 18.09.2008, planid 1547200805) – erstattast i si heilheit.
- 2) Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg, endring 01 (vedteken 10.05.2012, planid 1547201105) – erstattast i si heilheit.
- 3) Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Riksfjord – Sporsem (vedteken 21.06.2006, planid 1547200604) – erstattast delvis.

Saksprotokoll i Drift og arealutvalet - 18.09.2019

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt.

Innstilling frå drift- og arealutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 01.10.2019

Behandling

Innstillinga frå drift og arealutvalet vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Kommunestyret viser til plan- og bygningslova § 12-12, og godkjenner reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg, slik det går fram av plankart og føresegner, sist revidert 09.09.2019.

Tre gjeldande reguleringsplanar skal i medhald av plan og bygningslova § 12-14 opphevast ved sluttgodkjenning av planen, desse er:

- 4) Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg (vedteken 18.09.2008, planid 1547200805) – erstattast i si heilheit.
- 5) Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg, endring 01 (vedteken 10.05.2012, planid 1547201105) – erstattast i si heilheit.
- 6) Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Riksfjord – Sporsem (vedteken 21.06.2006, planid 1547200604) – erstattast delvis.

Vedlegg:

- 1) Plankart revidert 09.09.2019
- 2) Føresegner revidert 09.09.2019
- 3) Planomtale revidert 09.09.2019
- 4) Innkomne merknadar etter høyring og offentleg ettersyn

Særutskrift: Etter adresseliste.

Bakgrunn:

Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg vart vedteken av Aukra kommunestyre i møte den 18.09.2008. Føremålet med reguleringsplanen var å leggje til rette for bygging av ny skule innanfor eit område avsett til offentleg tenesteyting. Reguleringsplan Riksfjord skule og idrettsanlegg, endring 01 vart vedteken av kommunestyret i møte den 10.05.2012. Føremålet med reguleringsendringa var å fjerne arealføremålet offentleg tenesteyting som ikkje lengre var dekkande, då Gossen barne og ungdomsskole vart vedteken bygd på Falkhytten i staden. Reguleringsendringa justerte i tillegg arealet avsett til idrettsføremål i gjeldande reguleringsplan, slik at dette blei tilpassa faktisk behov.

I november 2017 vart kommunen kontakta av ein representant for Gossen idrettslag, med førespurnad om ei ny endring av reguleringsplanen, no med tanke på å leggje til rette for utviding av idrettstilbodet med ei ny fotballbane, samt parkeringsplass for bilar og bussar. På grunn av manglande kapasitet i kommunen vart ikkje det faktiske arbeidet med reguleringsendringa starta før i oktober 2018 då det vart meldt oppstart av planarbeidet. Før det blei meldt oppstart av planarbeidet, og før fyrste politiske handsaming i drift og arealutvalet, har kommunen hatt fleire møte med Gossen idrettslag sin representant, i tillegg til interne planmøter der alle relevante einingar i kommunen deltok.

Føremålet med planarbeidet er å:

- Slå saman gjeldande reguleringsplanar slik at ein får ein samla plan for heile området.
- Leggje til rette for gangveg frå krysset mellom Hauglandsvegen og Riksfjordvegen, og fram til Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Leggje til rette for utviding av Gossen idrettslag sitt anlegg med ny fotballbane og sandvolleyballbaner.
- Leggje til rette for bygging av parkeringsplass for bilar og bussar i tilknytning Gossen idrettslag sitt anlegg.
- Erstatte føremålet «campingplass» i gjeldande reguleringsplan med idrettsføremål.
- Regulere eigedom 13/383 til bustadføremål i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, og etter innspel frå heimelshavar på eigedomen.

Planforslaget vert utarbeidd som ein detaljreguleringsplan med full planprosess, og er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar.

Utgreiing:

Det blei i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 varsla oppstart av planarbeidet via brev til rørte partar den 03.10.2018, og som annonse i Romsdals Budstikke den 05.10.2018. Frist for å kome med merknader til planarbeidet blei sett til 05.11.2018, og det kom inn totalt seks merknader.

Drift og arealutvalet vedtok i møte den 27.05.2019, sak 19/19, å leggje planforslaget ut til høyring og offentleg ettersyn i seks veker. Planforslaget vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i perioda 05.06.2019 – 07.08.2019 (utvida frist grunna ferieavvikling). Det kom inn totalt seks merknadar, nedanfor er desse kort refererte og kommenterte:

1) Merknad frå Rådet for likestilling av funksjonshemma, datert 17.06.2019

Rådet for likestilling av funksjonshemma er i utgangspunktet positive til reguleringsplanen for Riksfjord skule og idrettsanlegg slik den er utforma, men etterspør sak om gjenbruk/avhending av Riksfjord skule.

Kommentar:

Det er ikkje tatt stilling til eventuell riving av Riksfjord skule eller anna gjenbruk av bygningsmassen etter at nytt kulturhus og ny barnehage er etablert. Dette blir ei politisk vurdering som enno ikkje har kome langt nok til å blir innarbeidd i reguleringsplanen.

2) Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 20.06.2019

I regional delplan for kulturminne er det ved Riksfjord skule registrert ein fangeleir frå 2. verdskrig. Dette nyare tids kulturminner er registrert i Askeladden og omfattar ein større del av planområdet. Det er ikkje lengre synlege spor etter fangeleiren. Dersom ein ved gjennomføring av eventuelle tiltak likevel skulle kome over restar som kan stamme frå fangeleiren, skal dette varslast til kulturavdelinga i fylket for nærare avklaring.

I planomtalen punkt 3.5 er det vist til at det ikkje føreligg nokre registrerte kulturminne innanfor planområdet. Historia om Løvik fangeleir (nyare tids kulturminne) må innarbeidast i planomtalen før endeleg vedtak av planforslaget.

I vedlagte ROS-analyse er det nyare tids kulturminnet Løvik fangeleir ikkje nemnt. Det vert tilrådd at kulturminnet vert nemnt under sårbare objekt, slik at det kjem tydeleg fram at restar av dette kan bli funne under overflata ved eventuelle tiltak innanfor området.

Kommentar:

Det første punktet i merknaden er innfridd gjennom § 1.4 i reguleringsføresegnene: «Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturvernmyndene i fylkeskommunen kontaktast».

Planomtalen sitt punkt 3.5 er oppdatert med informasjon om det nyare tids kulturminnet Løvik fangeleir som krevd i merknaden.

ROS-analysen som ligg ved planomtalen er oppdatert med informasjon om det nyare tids kulturminnet Løvik fangeleir som tilrådd i merknaden. Merknadane kan med dette sjåast på som innfridde.

3) Merknad frå Aukra ungdomsråd, datert 24.06.2019

Ungdomsrådet ønsker at Riksfjord skule vert nytta til aktivitetar inne og ute i bygget. Til dømes trampoline, paintball, lasertag eller lågterskeltilbod til ungdom der ein kan trene styrke og kondisjon. Området har ei praktisk beliggenheit i høve idrettsanlegg, som og kan nytte eit styrkerom. Det er ønskeleg å ha ein plass der ungdom kan kjøpe enkel og rask mat, samt kunne treffast.

Kommentar

Framtidig bruk av skuleområdet er ei politisk vurdering som ikkje er klarlagt og som difor ikkje kan innarbeidast i reguleringsplanen. Skuleområdet vert vidareført som offentleg eller privat tenesteyting, slik at innspela til Ungdomsrådet vil vere relevante i samband med etablering av nye tiltak innanfor området.

4) Merknad frå Statens vegvesen region midt, datert 27.06.2019

Statens vegvesen gjer merksam på at det i samband med regionreforma er utarbeidd unike vegnummer for alle fylkesvegar i Norge. Dette har medført at mange av fylkesvegane har skifta nummer. For fylkesveg 220, frå krysset ved Bakkemyra, er vegnummeret endra til fylkesveg 6048. Dette må rettast opp i planomtalen.

Dersom eigedom 13/63 ikkje skal inngå i reguleringsplanen, ber Statens vegvesen om at avkøyrslane til eigedomen også vert tekne ut.

Reguleringsplanen legg opp til vidareføring av eksisterande avkøyrslane frå fylkesveg 6048 (o_SKV1) til dagens område som vert nytta til mellombels barnehage. Etter Statens vegvesen si vurdering bør ein redusere antal avkøyrslar frå det overordna vegnettet, og legge tilkomst til felles avkøyrslane på den kommunale vegen. Dette vil opne for ei optimalisering av arealbruken og samordning av parkeringsareala.

Reguleringsplanen er noko uklar på kva som skal etablerast innanfor o_SF, og Statens vegvesen tilrår at føremålet vert regulert som gang- og sykkelveg.

Det må regulerast inn omsynssone for friskt i kryssingspunktet mellom o_SF og eksisterande gang- og sykkelveg, o_SGS.

Kommentar:

All tekst i plandokumenta som viser til fylkesveg 220, er endra til fylkesveg 6048, som krevd i merknaden.

Avkøyrslene til eigedom 13/63 er tekne ut frå plankartet som krevd i merknaden.

§ 2.2.3 (køyreveg – o_SKV1) i føresegnene er oppdatert med fylgjande tekst: «Føremålet omfattar eksisterande avkøyrsler Frå Riksfjordvegen (fylkesveg 6048) og inn til Riksfjord skule. Når barnehagen er flytta frå Riksfjord, kan denne avkøyrsla stengast slik at ein reduserer antal avkøyrsler frå det overordna vegnettet». Vidare er § 2.8.4 (rekkefølgeføresegn) oppdatert med fylgjande tekst: «Når barnehagen er flytta frå Riksfjord kan o_SKV1 stengast slik at ein reduserer antal avkøyrsler frå det overordna vegnettet».

Reguleringsføremålet o_Sf (fortau) vert endra til o_SGS2 (gang- og sykkelveg) som tilrådd i merknaden.

Plankartet er oppdatert med frisikozone i krysset mellom o_SF og o_SGS1 som krevd i merknaden. Frisikta er sett til 3 x 20 meter.

5) Merknad frå Asbjørn Nerbø/Åshild Nerbø med vedlegg frå Britt Løvik (heimelshavarar 13/383), datert 31.07.2019

Asbjørn Nerbø har sendt merknad til planarbeidet for Åshild Nerbø som er ein av to heimelshavarar på eigedom 13/383. Åshild Nerbø ønsker at eigedom 13/383 kan utbyggjast med anna enn to einebustadtomter, og viser til planomtalspunkt 4.1 om planlagt arealbruk. Forslag til tilkomstveg er vist på vedlagte situasjonskart, og det vert og vist til reguleringsføresegnene sin § 2.4.1, der det syns klart at eigedomen oppfyller krava til eigen avkøyning frå Hauglandsvegen.

Som vedlegg til merknaden frå Nerbø er det ein e-post frå Britt Løvik som representerer mor si, Annhild Løvik, som er den andre heimelshavaren på eigedom 13/383. Ho ønsker tilkomst til eigedomen nærmast mogleg eigedom 13/59. Tilkomsten blir då lengst mogleg unna Riksfjordvegen som er meir trafikkert, samstundes får ein utnytta tomte best mogleg. Då det er to heimelshavarar til eigedomen vil det være mest hensiktsmessig at det kan byggast bustader som ikkje kun er frittliggjande, men som kan byggast vegg i vegg, eller med garasje i tilknytning til bustadane, det vil og være meir interessant for ein eventuell utbyggjar.

Kommentar:

Eigedom 13/383 ligg innanfor eit område som i gjeldande kommuneplan sin arealdel er avsett til arealføremålet «boligbebyggelse – nåværende» (felt B24). Dei øvre bustadane innanfor feltet er i hovudsak frittliggjande einebustader, jf. definisjonar i § 1.8 i reguleringsføresegnene. Kommunen sin tanke var at det innanfor eigedomen skulle kunne førast opp same type bustader som elles i feltet og med liknande arealutnytting. Kommunen kan tilrå å leggje til rette for deling av tomte i maksimalt to matrikkeleiningar, der ein på kvar av matrikkeleiningane kan bygge inntil ein einebustad, eller vertikaldelt to-manns bustad. På plankartet er det med eit pilsymbol vist tilrådd avkøyrsler frå kommunal veg (Hauglandsvegen). Plasseringa av avkøyrsla samsvarer med ønska til heimelshavarane slik den er vist i kartet som er vedlagt merknaden.

6) Merknad frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 05.08.2019

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har utifrå sine ansvarsområde ingen merknader til planforslaget.

Kommentar:

Merknaden vert teken til vitande.

Konklusjon:

Innkomne merknadar etter høyring og offentleg ettersyn er så langt det let seg gjere tekne til vitande og innarbeidd i planforslaget, reguleringsplanen vert derfor tilrådd eigengodkjent av kommunestyret.

Administrative konsekvensar:

Ingen administrative konsekvensar utover normal sakshandsaming.

Folkehelsekonsekvensar:

Planforslaget legg opp til samanhengande gangforbindelsar innanfor planområdet for å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar som skal til Riksfjord gamle skule, eller Gossen idrettslag sitt anlegg. I tillegg legg planforslaget opp til at det kan etablerast fleire nye idrettsføremål, noko som er med på å betre den generelle folkehelsa.

Økonomiske konsekvensar:

Det kjem kostnader knytt til annonsering av vedtak på om lag 4500 kroner.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Gerd Nerbø
Teknisk sjef